

Lesaren melder

Skjold- og vatsbuar til Amerika



Frå båtturen på Vatsvatnet (Atlanterhavet for ein dag).

FOTO: JON OLAV VELDE

Laurdag 21. mars arrangerte Skjold og Vats Sogelag eit Utvandringsseminar i Vindafjordhallen. Dagen starta med strålende vær og ein fin båttur på Storavatnet (Vatsvatnet) frå Refsnes for ein del av deltakarane og føredragshaldarane. (Dette for å «illustrera» båttur over Atlanterhavet til Amerika.) Storavatnet har vore ei viktig ferdselsåre for folk i Øvre Vats anten dei skulle til kyrkje eller til Åmsosen for å ta båten vidare til Stavanger, eller at det var andre ærend dei hadde. Turen gjekk og innom Sørhusgruva eller Enighedens Grube.

Etterpå kunne leiaren i Sogelaget, Jone Hatteland, ynskja om lag 25 deltakarar velkommen til eit fyldig utvandrarseminar i kjellarstova i Vindafjordhallen. Fyrst ut var Anne Elisabeth Skogen, ho driv firmaet «Forteljarkokeriet» og er profesjonell forteljar. Ho fortalde levande om personar og familiar som reiste «Med Sluppen Restaurasjonen gjennom Hell Gate i Det lova landet, Amerika» frå Stavanger i 4. juli 1825. I båten var kvinner



Nils Olav Østrem presenterte si nye bok «Den store utferda – frå Skjold og Vats».



Forteljarkunstnaren Anne Elisabeth Skogen.

og menn + barn, 52 stk. Mange av desse var kvekarar som følte at dei måtte koma seg vekk. Denne sjøreisa varte i 3 mnd. 9. okt. var dei framme etter ein tøff tur over Atlanteren. Anne trollbant forsamlinga med sin forteljarkunst.

Ny bok

Skjodabuen Nils Olav Østrem, professor og historikar ved Universitetet i Stavanger presenterte den nye boka si «Den store

utferda – Utvandring frå Skjold og Vats til Amerika 1837 – 1914». Dette er ei bok på over 400 sider som tek for seg enkeltpersonar og familiar som reiste til Amerika frå bygdene i Rogaland og særleg frå Skjold og Vats. Om lag 1.200 frå Skjold og 600 frå Vats utvandra, viser oversikta i denne perioden.

Østrem kom inn på ulike årsaker til utvandringa, om kor dei busette seg, om statistikkar frå ulike distrikt, om ulike fasar for utvandringa som t.d. religion og

utvandring frå 1837 – 1864, frå kjedemigrasjon og nettverk frå 1865 – 1893 og frå flyttekultur: Amerika og Haugesund 1894 – 1914. Det er mange ulike årsaker til at folk måtte utvandra: religion, dårlege kår heime, økonomi, kulturbetinga, eventyrlyst, vennskap, uvennskap, slektskap m.m. Mange vart verande der borte og gjorde det godt, andre drog heimatt og andre fekk store problem og kom aldri tilbake på besøk.

Dette er ei grundig og vel dokumentert bok om utvandringa frå bygdene her som er vel verdt å kjøpa.

Opphavet

Einar Niemi, professor i historie ved universitetet i Tromsø, tok for seg opphavet til utvandringa generelt. Han snakka bl.a. mykje om situasjonen i Troms og Finnmark. Det var befolkningspress – store barneflokkar i familiane, om økonomiske årsaker, om religiøse minoritetar som kvekarar, haugianarar, dissenterar og jødar, om etniske minoritetar som t.d. kvenar og finnskogsfinnar.

Han fortalde også om

utvandring frå dei store dalføra på Austlandet til bl.a. Målselv og Bardufoss. Han kom også inn på Kautokeino-opprøret 10. okt. 1852 og om den store fororskingsprosessen som gjekk føre seg. Alle skulle snakka norsk – samisk skulle vekk.

Han vinkla denne utvandringa på ein ny og interessant måte.

Før utvandringa

Til slutt var det bygdebokforfattar Ernst Berge Drange som fortalde om «Utvandringa før utvandringa». Han tok for seg utvandringa allereie på 1600-talet. På den tida reiste folk til Nederland til Amsterdam og følgde så båtar over til Amerika. Då vart dei registrerte som nederlendarar i Amerika og fekk seg nederlandske namn. Dei norske namna vart nærast utraderte og endra på slik at det i ettertid er vanskeleg å spora opp mange av personane. Dette var ein ny og interessant historie.

Ein stor takk til Skjold og Vats Sogelag for eit innhaldsrikt og lærerrikt seminar.

Jon Olav Velde